



Norges Håndballforbund region vest
Postboks 6143
5892 BERGEN

Dato: 03.05.2017
Vår ref.: 2017/815-18
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Att. Trygve Johnsen

Vedtak om arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap.

Fylkesutvalet i Hordaland har i møte 30.03.2017, sak 81/17, vedteke å tildele dykk 50.000 kr i tilskot til Møbelringen Cup 2017.

Grunngjeving:

Fylkesutvalet legg vekt på at fire av verdas beste kvinnelandslag med regjerande EM og verdsmeister Norge i spissen kjem til Fjell kommune. Dei skal spele mot lag frå Russland, Sør Korea og Ungarn. Det er venta stor mediadekning.

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følge.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling

Kr 50.000 blir overført til dykkar konto så snart vi får tilsendt kontonummer til kultur@hfk.no merka *arrangementstilskot til nasjonale eller internasjonale seniormeisterskap*. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Tilbakebetaling

Fylkesutvalget tek atterhald om at tilskotet kan bli krevd tilbakebetalt, heilt eller delvis, dersom mottakar gir uriktige opplysningar. Dette gjeld også om kostnadane vise seg å bli lågare enn budsjettert i søknaden, eller om tiltaket ikkje blir gjennomført etter føresetnadane.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving.

Om rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2017/815.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – saksnummer*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Lukke til vidare med dykkar gode arbeid.

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

